

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Statusrapport 2020 Program for folkehelsearbeid Vestland

### Bakgrunn

Vestland fylkeskommune er del av den nasjonale satsinga *Program for folkehelsearbeid i kommunane - folkehelseprogrammet*. Vestland har samla fått tildelt 56.5 millionar kroner frå Helsedirektoratet gjennom ei nasjonal tilskotsordning for åra 2018 - 2024. Tilskotet er under føresetnad av nasjonale tildelingar via dei årlege statsbudsjetta. Søknadane om opptak som programfylke var forankra i fylkestinga i dei tidlegare fylkeskommunane.

*Folkehelseprogrammet* skal styrke kommunane i deira arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Eit overordna mål er at psykisk helse og førebyggjande rusarbeid vert ein integrert del av folkehelsearbeidet. Eit hovudelement i tilskotsordninga er å legge til rette for kunnskapsbasert utvikling av arbeidsmåtar, tiltak og verktøy, samt stimulere til samarbeid mellom kommunesektoren og forskingsmiljø. Tiltaka som skal utviklast skal vere helsefremjande tiltak for å fremje psykisk helse og livskvalitet hjå barn og unge mellom 0-24 år.

Fylkesrådmannen vil i meldingsaka vise status for utviklingsarbeidet knytt til satsinga.

### Satsinga i Vestland

Satsinga er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og kommunane som er tiltakseigar, FoU-miljø, frivillig sektor og andre. Fylkeskommunen har ein regional samordningsrolle til å bidra slik at kommunane utviklar tiltak på dei arenaer barn og unge oppheld seg. Vi står som fagleg og økonomisk ansvarleg overfor Helsedirektoratet. Både fylkeskommunen og kommunane rapporterer årleg på oppnådde mål og på økonomi. Internt vert arbeidet leia frå seksjon for plan, klima og folkehelse.

For å sikre god evaluering av arbeidet i kommunane er det etablert samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Folkehelseinstituttet, KorRus Vest og Kompetansesenter for barn og unge (RKBU).

Kommunane har etablert breitt samarbeid knytt til programsatsinga på tvers av ulike fagområde i eigen kommune, og i fleire prosjekt med frivillig sektor. Det er etablert prosjektorganisering ut i frå lokale behov, og arbeidet er forankra både hos toppleiing og politisk leiing. Kommunane legg

ned ein betydeleg eigen innsats i programarbeidet.

### **Regionalt samarbeidsorgan under reorganisering**

Eit vilkår for å vere programfylke er etablering av regionalt samarbeidsorgan. Dette organet skal vere oppdatert på arbeidet i fylket, og gje oss råd om mellom anna val av kommunar, val av tiltak og fordeling av tilskotsmidlar. Det er nasjonale føringar på kven som skal delta i samarbeidsorganet, og politisk leiing, unge, FoU-miljø og kommunar skal delta. Elles bør ein vurdere deltaking frå KS, statlege etatar som NAV, fylkesmannen og andre, frivillig sektor og eigen organisasjon. Begge dei tidlegare fylkeskommunane etablerte samarbeidsorgan. Nytteverdien av slik samhandling på tvers av ulike organisasjoner og etatar er vurdert som stor. Vi arbeider no med å etablere eit samarbeidsorgan i det nye fylket. Dette vert å kome attende til.

### **Programkommunane i Vestland**

I Vestland er det no starta opp åtte utviklingsprosjekt. Fire kommunar eig prosjektet åleine, og fire kommunar utviklar samarbeidsprosjekt med andre kommunar. Pr april 2020 er femten kommunar del av programmet. I alle desse er barn og unge primær målgruppe. Innsatsområda i prosjekta er knytt til arenaene skule, nærmiljø, fritid, familie og førebyggjande helsetenester. Det er ikkje eit mål at alle kommunane skal vere utviklingskommunar. Det som kjenneteiknar prosjekta som er sett i gang er det sterke søkjelyset på medverknad, og medverknad frå barn og unge står sentralt.

Grad av og tilnærminga når det gjeld samskaping ser ut til å vere av innovativ karakter. Når det gjeld innovasjon er også deltakinga frå ulike FoU-miljø ny. Dette gjeld utforming av prosjektdesign, sikring av at relevant bakgrunnskunnskap er teken høgde for og, ikkje minst, at prosjekta vert evaluerte. Prosjekta er også sikra god forankring i kommuneleiinga, samt at det er sikra prosjektleiing. Dette veit vi er viktige suksesskriterium for å få til ei god prosjektgjennomføring.

### **Opptak av nye kommunar**

Det er sett av tilskotsmidlar for opptak av nye kommunar i 2020. Dette i tråd med tidlegare søknadar med tidsplan til Helsedirektoratet. Utlysinga vart lagt ut på fylkeskommunen sine heimesider i februar 2020. På grunn av koronapandemien er søknadsfristen utsett frå 01.06.20 til 15.09.20. Vi kan også då betre legge til rette for å styrke søknadsprosessen. Totalt er det tenkt ca. tre nye tiltak i tidlegare Hordaland, og fire nye i tidlegare Sogn og Fjordane.

## Oversikt pr 01.04.20

Tiltak/innsatsområde	Tiltakseigar	Opptak og prosjektlengde <sup>1</sup>	Samarbeidspartar
<i>Helsefremmende miljø på sosiale medier</i>	Bergen kommune i samarbeid med Vestland fylkeskommune opplæringsavdelinga	2018/19 - 2021	<i>Samarbeid med opplæringsavdelinga. Folkehelseinstituttet, Høgskulen på Vestlandet</i>
<i>Medverknad og deltaking for god trivsel og livskvalitet for alle barn og unge</i>	Bømlo kommune	2018/19 - 2021	Høgskulen på Vestlandet, KoRus Vest
<i>Juniorforskarprosjektet</i>	Kvam herad	2018/19 - 2021	<i>Samarbeid med Voss, Samnanger, Ulvik Eidfjord, Ullensvang HEMIL-senteret</i>
<i>Rosendalsprosjektet</i>	Kvinnherad kommune	2018/19 - 2023	RKBU, HEMIL-senteret
<i>16 -ka no? Trygg overgang frå ungdomskule til vidaregåande</i>	Stord kommune	2018/19 - 2021	<i>Samarbeid med Fitjar kommune. Høgskulen på Vestlandet.</i>
<i>Programarbeid for folkehelse - Barn og unges psykiske helse</i>	Kinn kommune	2020 - 2023	Høgskulen på Vestlandet, NORCE, KoRus Vest
<i>Livsmestring - Robuste barn og ungdom</i>	Luster kommune	2020 - 2024	<i>Samarbeid med Sogndal kommune. Høgskulen på Vestlandet, KoRus, RKBU Vest og Folkehelseinstituttet</i>

### **Økonomiske rammer**

#### - *Nasjonale tilskot*

Vestland får tildelingar årleg etter dei gamle fylkesgrensene. Tilskotsordninga skal gå til tiltaksutvikling i kommunane. Det er ikkje høve til å nytte midlar til administrasjon i fylkeskommunen. Det var ikkje heller høve til å nytte midlar til kompetanse-sentra, høgskular og universitetsmiljøa sitt arbeid. Dette sjølv om det er eit vilkår for arbeidet med tiltaksutviklinga at FoU-miljøa bidreg med sin kompetanse. Dette er mjuka opp frå sentralt hald frå 2019 då ein mindre del av midlane no kan nyttast til FoU-arbeid.

Andre vurderingar ved tildeling av midlar er at kommunane skal kunne arbeide over tid med tiltaksutviklinga. Det er også eit ønskje om større samarbeidsprosjekt slik at desse kan gje eit betre grunnlag for evaluering. Det er ikkje eit mål at alle kommunar i eit fylke skal delta i tilskotsordninga, men at alle kommunar skal vere involverte for læring både lokalt og nasjonalt.

#### - *Tildelingar i Vestland*

Ved opptak i tilskotsordninga fekk Hordaland kr 36 mill. i tilskot i prosjektperioden under føresetnad av årlege løyve i statsbudsjettet for åra 2018-2023. Dette vart redusert til kr 32 mill. i 2019. Tidlegare Sogn og Fjordane fekk tildelt 24.5 millionar kroner for perioden 2019-2024.

### *Plan for tildeling av tilskotsmidlar*

Vestland (Hordaland)	Vestland (Sogn og Fjordane)
----------------------	-----------------------------

Fase 1: 2018 - 2021/22	Fase 2: 2020- 2023	Fase 1: 2019 - 2024	Fase 2: 2020 - 2024
Planlagt fordelt: 18 150 000 mill.	Rest til fordeling - nye tiltak:	Planlagt fordelt: 8 170 000 mill.	Rest til fordeling - nye tiltak:
Bergen 4.0 Kvam med fl. 4.0 Askøy 2.3 Bømlo 2.3 Stord 2.45 Kvinnherad 2.3	13 850 000	HVL: 500.000 Luster/Sogndal: Kinn: 2.670	15 830 000 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Restmidlar tidlegare Hordaland: tre nye tiltak med ei stipulert ramme på mellom kr 2-5 mill. pr tiltak, FoU-støtte og masterstipend

<sup>2</sup> Restmidlar tidlegare Sogn og fjordane: fire nye tiltak med ei stipulert ramme på mellom kr 2-5 mill. pr tiltak, FoU-støtte og masterstipend

#### - Vestland fylkeskommune sin ressursbruk

I tråd med nasjonale føringer nyttar ikkje fylkeskommunen tilskotsmidlar til administrative kostnader. Programmet er ressurskrevjande, og i 2019 vurderte Hordaland ressursbruken til utvikling og drift av programmet (sekretærariat) til ca. 80 % årsverk. Tilsvarande gjeld for tidlegare Sogn og Fjordane. Det er for tidleg å fastslå storleiken på ressursbruken for eit samla Vestland. I tillegg er det kostnader til felles kompetancesamlingar, reiseutgifter og møter. Seksjon Plan, klima og folkehelse prioriterer satsinga høgt, og vil arbeide for god måloppnåing hjå kommunane. Samstundes krev programmet ein betydeleg del av folkeheleressursane til seksjonen.

#### - FoU-miljøa

Dei fem FoU-miljøa som deltek i utviklingsarbeidet har bidrege med mykje arbeidsinnsats som til dels har vore eigenfinansiert. For å få til meir berekraftige løysingar er no kommunane, gjennom tilskotsbreva, bedne om å setje av midlar til FoU-miljøa og å lage samarbeidsavtalar. Det vert også lyst ut masterstipend, som del av programmet, for å sikre studentoppgåver som del av evalueringsarbeidet. Framleis er midlane som er sett av til FoU-arbeid svært små og føreset god vilje frå samarbeidspartnerane våre.

#### - Framdrift

Fylkesrådmannen vurderer på grunnlag av rapportane frå kommunane framdrifta i programutviklinga som svært god. Det som er positivt for folkehelsearbeidet er at sterke faglege miljø her vest - både utdanningsinstitusjonar, statlege kompetansesenter og FHI - bidreg med sin kompetanse til å styrke arbeidet med tiltaksutvikling og evaluering i Vestland. Det er viktig for kommunane at dei utviklar god eigenkompetanse på desse områda, såleis også av stor verdi for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har stor forståing for at korona-situasjonen i landet gjer at programarbeidet i fylket i 2020 ikkje føl framdriftsplanaane. Dette er, mellom anna, grunna i at alle kommunane arbeider med medverknad og tiltaksutvikling i skular og barnehagar.